


FJALER KOMMUNE



Reglement for Folkevalde og politiske parti i Fjaler kommune

Vedteke i kommunestyret 15.12.14

1. Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld godtgjersle til politisk valde medlemer av faste utval, nemnder/ad hocutval, styre og råd i Fjaler kommune.

Det er rådmannen sitt ansvar å sørge for utbetaling av godtgjersle til folkevalde, i tråd med desse retningslinene.

Det er dei folkevalde sjølve som har ansvar for å føre seg på registreringsliste, skaffe naudsynt dokumentasjon og stille spørsmål for å sikre at dei får utbetalt det dei har rett på.

2. Iverksetjing

Satsar og ordninger i dette reglementet gjeld frå 01.10.15. Fram til denne datoен gjeld reglane i K-sak 097/12, jf 067/11. Satsane skal reviderast av det avtroppende kommunestyret ved utløpet av valperioden.

3. Godtgjersle: Kommunelova §42

3.1 Ordførar

Ordførarvervet vert godtgjort som heiltidsverv.

Ordførar si godtgjersle blir sett til 85% av godtgjersla til stortingsrepresentantane.

3.2 Ordførar og styreverv

Dersom ordførar med bakgrunn i sitt verv som ordførar har styreverv som i godtgjersle utgjer til saman meir enn brutto kr. 50 000 i året, vert det overskytande trekt frå ordførargodtgjersla.

3.3 Varaordførar

Varaordførar får ei godtgjersle lik 7,5 % av ordførar si godtgjersle. Denne skal dekke vanlege varaordføraroppdrag, vikar for ordføraren ved denne sitt fravær inkl. ferie.

Når varaordførar fungerer som ordførar utover normalt fråvær, ferie og liknande, skal varaordførar ha godtgjersle som ordførar. Eit vilkår er at varaordførar då har ordføraren sine gjermål fullt ut og er fungerande ordførar med denne sine fullmakter etc.

3.4 Fast godtgjersle

3.4.1 Kommunestyret

Medlemene i kommunestyret får 0,75% av ordførarens godtgjersle

I tillegg:

3.4.2 Formannskapet

Medlemene i formannskapet får 1,25% av ordførarens godtgjersle

3.4.3 Administrasjonsutvalet

Medlemene i administrasjonsutvalet får 0,35% av ordførarens godtgjersle

Leiar i administrasjonsutvalet får 0,75% av ordførarens godtgjersle

3.4.4 Fast byggjenemnd

Medlemene i fast byggjenemnd får 0,35% av ordføraren si godtgjersle

Leiar i administrasjonsutvalet får 0,55% av ordføraren si godtgjersle

3.4.5 Kontrollutvalet

Medlemene i kontrollutvalet får 0,35% av ordføraren si godtgjersle

Leiar i kontrollutvalet får 0,75% av ordføraren si godtgjersle

3.4.6 Eldrerådet

Leiar i eldrerådet får ei godtgjersle på 500 kr per år

3.4.7 Ungdommens kommunestyre

Leiar i ungdommens kommunestyre får ei godtgjersle på 500 kr per år

3.4.8 Nemnder/Ad-hoc utval

Medlemar i andre nemnder/ad-hoc utval får ei godtgjersle på kr 610,- for kvart protokollert møte. Det blir berre utbetalt ei godtgjersle pr. dag.

Rett til særskilt møtegodtgjersle har ikkje medlemer av utval/ komitear som held korte møte direkte knytt til kommunestyre-/formannskapsmøte.

3.4.9 Dei som har fast godtgjersle vil få ein reduksjon på 25% i godtgjersla, dersom dei har fråvær/forfall som utgjer 1/3 eller meir av møta i halvåret.

3.4.10 Politisk godtgjersle dekkjar og den enkelte sin bruk av telefon og internett.

3.5 Varamedlemer

Møtande varamedlemer får ei godtgjersle på kr 610,- for kvart protokollert møte. Det blir bare utbetalt ei godtgjersle pr. dag.

3.6 Deltaking på kurs, konferansar, representasjon i eksterne møte

Medlemer av folkevalde organ som vert oppnemnd eller får aksept frå ordførar til å delta på kurs/ konferansar, får dekka eventuelt tap av inntekt. Det same gjeld representasjon i eksterne møte. Spørsmål om møtegodtgjersle må vurderast spesielt i kvart enkelt høve.

4. Vederlag for tap av arbeidsinntekt, kommunelova § 41

skal dekkjast etter følgjande retningslinjer:

Arbeidsreise og gruppemøte rett før kommunestyret, (dagmøte), skal reknes med i møtetida

4.1 Legitimert tap av inntekt

vert dekka etter trekkoppgåve frå arbeidsgjevar eller som direkte refusjon til arbeidsgjevar etter avtale. Som grunnlag for refusjon inngår løn, pensjon, feriepengar, skifttillegg og andre tillegg som den einskilde tapar.

Legitimert tap av arbeidsinntekt vert avgrensa oppover til ordføraren si dagløn.

4.2 Ulegitimert tap

av arbeidsinntekt vert gitt til sjølvstendig næringsdrivande og heimearbeidande.

Arbeidstakrar som er oppsett på nattevakt i turnus før møte har rett til kompensasjon dersom ein ikkje har hatt høve til å endre/bytte vakt. Dette gjeld også dei som skal jobbe ettermiddagsvakt på møtedagen dersom møta varer utover 4 timer .

Skal det gjerast unnatak frå dette (grunna t.d sein møtestart) skal dette godkjennast av ordførar.

Her pliktar arbeidstakar å gjere avtale med ordføraren på førehand utfrå stipulert møtetid.

Ulegitimert tap vert dekka med kr 160,- pr time, medrekna reisetid. Inntil kr 1 600,- pr dag.

5. Melding til arbeidsgjevar

Fjaler kommune skal ved byrjinga av kvar kommunestyreperiode sende melding til dei folkevalde sine arbeidsgjevarar, der følgjande skal vere med:

- At arbeidstakar N.N. er vald inn i Fjaler kommunestyre, og/eller er vald som medlem/varamedlem til følgjande styre, råd eller utval.
- Kommunelova og denne sine §§ om folkevalde sine rettar og pliktar om å ta del i kommunale møte.
- Om folkevalde sine arbeidsvilkår i Fjaler kommune
- Avtale nærmare mellom Fjaler kommune og arbeidsgjevar om ei meldeteneste for permisjon og refusjon av tapt arbeidsinntekt.
- At folkevalde på kort varsel kan bli vald som utsending/ representant frå kommunen, og at dette inngår som ein del av dei folkevalde sine rettar og pliktar.

6. Skyss og kostgodtgjersle

Folkevalde medlemer har rett til skyss-, kost- og oppholdsgodtgjersle etter reglar i det til ein kvar tid gjeldande kommunale reiseregulativ (Særavtale for reiser innenlands for statens regning) .

Det vert ikkje utbetalt **kostgodtgjersle** dersom det på møtet vert gjeve servering.

Ved bruk av eigen bil er det ein føresetnad at bruken, utifrå ei totalvurdering av kostnader og den tid som går med, er formålstenleg.

Reisene skal samordnast så langt dette praktisk let seg gjere.

I dei hove reisene ikkje vert samordna, kan ordføraren utifrå ei totalvurdering avgjere at det berre skal utbetalast skyssgodtgjersle etter offentleg regulativ og/ eller offentleg kommunikasjonsmiddel.

7. Telefongodtgjersle

Fjaler kommune held mobiltelefon til ordførar.

8. Godtgjersle / refusjon av utgifter til barnepass

Ved deltaking i kommunale møte vert legitimerte ekstrautgifter til barnepass dekka, som kjøp av ekstra dag i barnehage (pr dato kr. 200). Anna barnepass vert dekka med inntil kr 160 pr time og inntil 1600,- pr møtedag.

9. Pensjon

Fjaler kommune syter for pensjon for ordførar ved å melde vedkommande inn i det forsikringsselskapet kommunen til ei kvar tid har avtale med. Har ordføraren frå før medlemskap i anna pensjonsordning og vil oppretthalde denne, skal kommunen under elles tilnærma like vilkår betale sin arbeidsgjevardel til denne pensjonskassa.

Avvik frå å melde ordførar inn i kommunen si pensjonsordning skal formannskapet godkjenne, og skal berre takast opp om det ligg føre søknad frå ordføraren.

Ordføraren betaler sjølv 2 % pensjonsinnskot.

Pensjonsordninga gjeld frå det tidspunktet ho/han tek til i vervet.

Andre folkevalde vert ikkje meldt inn i pensjonsordninga.

10. Ettergodtgjersle til ordførar

Ved utløp av valperioden får ordføraren ettergodtgjersle

- i 1,5 månad; dersom han/ho har ein jobb å komme attende til
- i 3 månader dersom han/ho ikkje har ein jobb å gå attende til

11. Utbetaling, kontroll m.v

Refusjonar vert utbetalta på første ordinære lønningsdag dersom krava er innleverte før den 25. i månaden.

Møtesekretæren har ansvar for å føre i møteboka og elles halde naudsynt oversikt over kven som møter og kor lenge møta varer, samt føre kontroll med innkomne krav med bakgrunn i denne oversikta.

12. Dei politiske partia/ støtteordningar

12.1 Kommunale lokale

Alle kommunalt eigde lokale blir vederlagsfritt stilt til rådvelde for dei politiske partia.

Dette gjeld lokale som kommunestyresalen, møtelokale i Fjalerhuset, skulehus og andre kommunale bygg som elles blir leigde ut til møterom.

Ein føresetnad for gratis leige er at lokalna blir tinga på førehand og dei ikkje er leigd ut til andre. Vidare er det ein føresetnad at lokalet vert nytta til møteverksemd og anna politisk arbeid som ikkje er inntektsgjevande.

12.2 Økonomisk støtte til partia

Kommunestyret løyver kommunale midlar til dei politiske partia som til ei kvar tid er representerte i kommunestyret. Dette som eit tillegg til det fylkesmannen betalar ut.

Årleg økonomisk råme for tilskot til dei politiske partia i kommunestyret vert fastsett til 46 000,-

20% av råma vert fordelt som grunntilskot

80% av råma vert fordelt etter oppslutnaden dei ulike folkevalde gruppene fekk ved Kommunevalet (røystetal)

Den kommunale støtta vert betalt ut i januar kvart år.